

NotatDato: 06.04.2017
Arkivsak: 2017/1551-6
Saksbehandlar: silfoyn

Til: Jan Nordø

Frå: Silje Øvrebø Foyen, David Aasen Sandved

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om Gjerstadvossen kraftverk i Osterøy kommune

Fylkeskonservatoren viser til høyring av søknad om Gjerstadvossen Kraftverk AS frå NVE av 17.02.17. Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist til 05.05.17 for å gi fråsegn i saka. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har synfare det aktuelle området den 29.03.17. Med i saka ligg rapporten frå synfaringa. Fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Når store regionale eller nasjonale kulturminneverdiar står på spel, kan fylkeskommunen fremje motsegn til planen. Om administrasjonen sin tilråding til motsegn ikkje vert politisk vedteke, skal saka sendast over til Riksantikvaren for vurdering av motsegn til konflikt med nasjonale kulturminneinteresse.

Forslag til vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* fremjar motsegn til konsesjonssøknad for Gjerstadvossen kraftverk på grunnlag av konflikt med automatisk freda kulturminne Id 45496 og kulturmiljø av høg kulturhistorisk verdi. For at motsegn kan trekkjast må planforslaget ta omsyn til dei nasjonale og høge regionale kulturminneverdiane og vassvegen leggest i tunnel.


Konsesjonssøknad

Grunneigar Johannes Gjerstad har søkt om å byggje Gjerstadvossen kraftverk i Osterøy kommune. Kraftverket vil utnytte fallet i Gjerstadvossen, som er ein del av det verna vassdraget Loneelva. Det er planlagt ei 730 m lang nedgraven rørgate, med ei indre diameter på 600 mm. Rørgata går frå inntaket 239 meter over havet, øvst i Gjerstadvossen og ned til ein kraftstasjon planlagt på dyrka mark i området søraust for Gjerstad kyrkje. Her ifrå skal det gå ein vel 450 meter lang kabel over dyrka mark fram til gamle Gjerstad sekundærstasjon. Lengda av råka elvestrekning er 820 m. Delar av rørgata må sprengast ned og anleggsbreidd på tiltaket er oppgeve til å være mellom 6-14 m. Rørgata skal gå gjennom dyrka mark, kulturbeite, plantefelt og ur.

I konsesjonssøknaden er temaet om verknad for kulturminne og kulturmiljø svært mangelfullt omtala, det er med få skildringar av kulturmiljøet og kulturminne som vert råka. Garden og grenda Gjerstad har eit rikt kulturmiljø og sett i lys av dette, er kulturminnegrunnlaget i søknaden for svakt til at konsekvens for kulturminne kunne vurderast.

Automatisk freda kulturminne

Rett nord for Gjerstadfossen, på området Grønbyggjen - gnr. 29 bnr. 9, ligg eit større gravfelt med gravminne frå eldre jernalder. Her er det fem haugar med Askeladden id. nr. 111237, 111239, 111240, 15830 og 45496. Kulturminna er automatisk freda. Her er det tidlegare funne ei kvinnegrav frå folkevandringstid (400-570 e.Kr) med funn av keramikk, gullring, snellehjul, beinkam, beinnål, brende bein og kol (B 6891). Røyrgata er planlagd tett på gravfeltet og kjem i direkte konflikt med gravminne id. 45496 (sjå kart). Kartgrunnlaget har ikkje ei detaljeringsgrad som viser eksakt plassering av traseen, men baserer vi oss på opplysningane i søknaden om at traseen treng 6-14 m breidde vil tiltaket ligge i konflikt med gravminnet. Dei fysiske inngrepa i området rundt gravfeltet vil vere store, dette då traseen er planlagd gjennom fjell, der ein sprenger seg ned. I tillegg er potensialet for nye arkeologiske kulturminne i dette området vurdert som høgt. Kraftstasjon, røyrgate og veg inn til kraftstasjon er planlagd i området søraust for Gjerstad mellomalderkyrkjestad. Tett ved er det registrerte busetnadsspor frå eldre jernalder. Desse er datert til romartid og folkevandringstid 200–570 e.Kr. (Askeladden id. 223017, 223018, 223019). Det er på lokalitetane funne stolpehol, kokegroper, eldstad og to nedgravingar, og funna viser oss at det er potensial for ytterlegare funn i området. Seinast under synfaringa i mars vart det nord for traseen funne spor etter eit anlegg for produksjon av trekol. Den er automatisk freda med ID 228740. Slik røyrrase er foreslått vil den gå innimellom kulturminner av nasjonal verdi og det er fortsatt ukjende kulturminner i området.



Figur 1. Kart over automatisk freda kulturminne og planlagd røyrrase. Kart syner gravfelt på Grønbyggjen og konflikt med automatisk freda kulturminne - gravrøys id 45496

Nyare tids kulturminne

Den planlagde røyrgata vil råke fleire nyare tids kulturminne, kulturminne som er viktige fysiske element i eit heilskapleg og unikt kulturmiljø. Store delar av røyrgata skal gå gjennom eit ope kulturlandskap med gamle steingardar, eldre vegfar, rydningsrøysar og kvernhus. På utskiftingskartet frå 1901 er fleire av desse kulturminna synlege.

Dei fyrste 300 m av røyrgate skal gravast ned i eit gamalt, tørrmura vegfar, eit vegfar som då vert fjerna. Vegfaret går frå Hovdo og fortset ned til Gjerstad. Tiltaket kjem og i konflikt med den gamle bøgarden som markerer grensa mellom innmark og utmark og andre steingardar som er viktige historieforteljande element i landskapet (sjå kart i vedlegg). Store delar av bøgarden på Gjerstad, er fortsatt intakt og er ein del av det gamle geilsystemet. Steingarden strekk seg ned til elva. Desse steingardane er viktige strukturar til å forstå det gamle jordbrukslandskapet.

Langs nedste del av elva, ved planlagt kraftstasjon, er det kjend to kvernhus. Ved synfaringa vart det registrert eit kvernhus til, samt ruinar av eit stampehus med tilhøyrande vasskanal lenger oppe i elva. Dette er kulturminne som syner korleis vasskraft vart nytta i eldre tider. Søraust for gravfeltet på Grønbakkjen er det restar etter eit gamalt brukar over elva. Sjølv om desse kulturminna ikkje kjem i direkte konflikt med tiltaket, så vil ein med låg vassføring i elva sterkt svekkje den kulturhistoriske konteksten.

Området har gjennom dei alt kjente kulturminna ein stor tidsdjupne og svært stor formidlings- og opplevingsverdi. Osterøy museum på Gjerstad har ein kultursti gjennom dette autentiske kulturmiljø. Utbygginga vil kome i konflikt med einskilde kulturminne og kulturlandskapet, noko som vil gje irreversible inngrep og redusert staden sin opplevingsverdi.

Kulturminne i området

Gjerstad har eit viktig kulturmiljø av nasjonal verdi, med den største samlinga av gravrøysar frå forhistorisk tid på Osterøy. Gjerstad har ein mellomalderkyrkjegard (Askeladden id. nr. 84257) og sør for kyrkja stod det tidlegare eit klyngetun. Omlag 300-400 m nordaust og søraust frå kyrkja er det to større gravfelt frå jernalder på til saman ti gravar, anlagt på Grønbakkjen og Vellane. Det sørlegaste ligg på Grønbakkjen, og består av fem gravrøysar. På Vellane er det fem gravrøysar (Askeladden id. 15829, 35910 og 66440). Gravfelta ligg der dei gamle ferdslvegane har gått og ved Grønbakkjen kan ein fortsatt sjå restar etter ein holveg som truleg er særst gamal. Langs elva er den gamle kyrkjevegen mellom Hartveit og Gjerstad synleg. Sør for Gjerstad mellomalderkyrkjegard og klyngetunet er det gjort funn av busetnadsspor frå eldre jernalder, datert til romertid og folkevandringstid. Nordvest for Gjerstad kyrkje er det frå før påvist gamle åkerspor gjennom heile jernalderen (Askeladden id. 135884). Busetnadspora her samsvarar i tid med gravfeltet på Grønbakkjen. Under synfaringa vart det registrert ei kolgrop (Askeladden id. 228740) nord for røytrase.

Kulturminnefagleg vurdering

Fylkeskonservatoren legg til grunn at planlagd røytrase vil få ein direkte verknad på automatisk freda kulturminne, men og ein sterk negativ verknad på det heilskepelege kulturmiljøet. Etter ei vurdering basert på kjende kulturminne registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden, synfaring på staden, og utskiftingskart vert det klart at tiltaket kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne. Dette får negative konsekvensar for kulturmiljø og -landskap. Gjerstad er eit viktig kulturmiljø med kulturminne som strekk seg over ein periode på opp mot 2000 år frå eldre jernalder og fram mot vår tid. Området er i dag lite påverka av moderne inngrep. Gjennom tiltak som vil øydeleggje einskildelement i eit viktig kulturmiljø svekkjer dette heilskapen, og nye inngrep blir skjemmande element i eit sårbart kulturmiljø med høg autentisitet og nasjonal verdi. Loneelva er eit verna vassdrag og er av Fylkesmannen vurdert å stor verdi for biologisk mangfald, med intakt laksestamme, raudlista arter og eit variert og rikt kulturlandskap. Fylkeskonservatoren vurderer det slik at utbygginga vil gje irreversible skader på kulturminne og kulturlandskap.

Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til konsesjonssøknad for Gjerstadfossen kraftverk på grunnlag av konflikt med automatisk freda kulturminne Id 45496 og kulturmiljø av høg kulturhistorisk verdi

Vedlegg: *Rapport frå kulturhistorisk synfaring*